



Aleksander og Vegard - to lovande gitar frå Uskedalen

All of me vart ein fulltreffar i Happy corner!

Kva vi meiner med det? Jo, at kaffekroken i den utvida SPAR er veileigna også som konsertarena for mindre band, til dømes Jazzverket.

Den nesten timelange konserten som var siste post på opningsprogrammet vart ein fulltreffar. Når halve bandet dessutan var frå Uskedalen, måtte det bli suksess

Dagleg leiar Bente Nilsen vart like tent som alle andre. Ho meinte nok ikkje det ho sa då ho lova konsert kvar fredag, men løftet hennar om reprise var sikkert alvorleg meint og det sluttar vi oss til! Dei i bandet tykte på si side at det var eit triveleg oppdrag, kvitterte Stein Haugen.

Det var bortimot genialt å supplera alle dei andre godsakene som vart selt i dag med ein utsøkt samling av gamle svisker, 9 i talet. Dei som serverte var Aleksander Rebaudo (song), Ananda-Gopi Storegjerde (song) Bjarne Øymyr (tangentar), Stein Haugen (kontrabass) Vegard Døssland (trompet) og Sindre Aksnes (tangentar) og serveringa gjekk føre seg på eit høgt nivå som det plar gjera med Jazzverket.

Låtar som aldri døyr kom i tur og orden - til dømes Sunny samba, Fly me to the moon og On the street where I live. Aleksander og Ananda-Gopi stod godt til kvarandre med røystene sine og la for dagen større rutine en då dei song på Systrene Nilsen i fjor. Og dei 2 solide musikarane Bjarne og Stein var tydeleg tilfredse med unggutten Sindre.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Jazzverket for full musikk i Happy corner